

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Arkiv nr:

Sak nr 26/2022

Møtedato: 31.08.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S655, Røvsalin – Flytting av støl

Saka gjeld flytting av heile stølen, og vert difor handsama etter seterforskriften § 6:


§ 6. Utvising av seter

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst seter til drift av eigedomen, kan få utvist seter anten aleine eller saman med andre jordbrukarar, jf. § 18 første ledd og § 21 andre ledd i fjellova. Dette gjeld òg for utviding av seter.

Det er eit krav at behovet for seter blir dokumentert. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ei driftsplan.

S 655 på Røvsalin er blitt innlemma i kommunen sitt grunnvatn-reservoar. I den samanheng er store deler av stølsjordet blitt klausulert, og kan dermed ikkje nyttas til vanleg landbruksdrift utan store ulemper/avgrensingar.

Kartet syner nytt forslag til ytterlegare klausulering, som går ut over dei eldre grensene frå 1999.



Figur 8: Forslag til ny soneinndeling for Vaset vannverk med topografisk kart som bakgrunn. Grensen og utformingen av sone 0, som er det nære brønnområdet til enhver brønn, må eventuelt justeres når det er endelig bestemt hvilke brønner som skal inngå i vannverkets drift.

Det er gjennomført eit møte mellom kommunen, fjellstyre-administrasjon og stølseigar Ove Bergheim. Møtet oppsummerte at alle partar er samde om at det er ein betre løysing å etablere ein ny støl, slik at den opphavlege plasseringa til 94/1/655 vert endra og flytt ein anna stad utan slike restriksjonar. Vestre Slidre kommune har take på seg ansvaret med kostnader for opparbeiding av nytt stølsjorde på 56,5 daa, slik det opphavlege var. Dette er i tråd med det fjellstyret uttalte tidlegare ved opprettning av dette grunnvatn-reservoaret: Utdrag frå sak 02/1999

Fjellstyret kan tilrå etablering av vasskjelde på Langøddin ved Røvsalin på vilkår av at stølsbrukarane som måtte bli berørt av dette blir halde skadeslause. Ved eventuell bandlegging av areal må dei stølsbrukarane som blir berørt av bandlegginga vederlagsfritt få dyrka opp nytt areal og få økonomisk kompensasjon for eventuelle auka kostnader.

Det var leita etter høveleg tomt innafor same støslag (Røvsalin-Murkelie). Dette var ikkje enkelt å finne eigna areal, då mykje her er anten myr eller ikkje dyrkbart areal. Stølseigar har difor føreslege ny plassering i støslaget Svenskin.

Her er det dyrkbart areal, og det er nærleik til vatn som gjer det eigna til framtidige beitedyr. Markert areal er ca 57 daa, og det er take omsyn til hytta (94/1/306), slik at jordet ikkje kjem nærmare enn 30-40 m frå hytta, eller 25 m frå uthuset på motsatt side. Dette gjev høveleg avstand. For å ta meir omsyn til hytta i nærleiken, vurderer fjellstyret å stille krav til at ny stølbygninga bør fortrinnsvis plasserast i sørrenden av det nye arealet, slik at det kjem lengst unna hytta. Dette vil i særskilt liten grad kunne sjenere stølsbygga på stølen S 851 (Harald Ulvestad) som ligg intil på sørsida.



Administrasjonen tilrår at det vert sett krav til urørt attståande vegetasjon i eit belte på minst 6 meter langs strandsone – dette er i tråd med de krav som er sett gjennom nyleg revidert kommuneplan (punkt 7.4 i planskildring). Ein kan vurdere å auke dette til 10 meter for å sikre gjennomgående friluftsliv langs Storfjorden. I tillegg bør det etableras og vedlikehaldas ei moglegheit for å komme over gjerdet slik at fiskarar osv kan ferdast langs vasskanten. Alternativet for stølsbrukaren er at strandsona utgår frå stølsutvisninga, og ein må då ordne vatn til dyr på anna vis – eks gjennom den bekken som renn gjennom føresleget utvist område..

I utgangspunktet har både fjellstyret og Statskog eit prinsipp om at ved flytting av støl eller hytte, skal dette plasserast innafor same støslag. I denne saka er tilhøva såpass spesielle ved at det er komme klausuleringskrav frå kommunen som gjer vanleg drift vanskeleg, og at det er lite eigna areal innafor tilhøyrande støslag. Dermed er dette så særskild, at ein vanskeleg kan sjå at dette vil kunne medføre presedens.

Utredning etter Naturmangfaldlova:

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltingstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka. I forhold til samla belastning vil det vera aktuelt å vurdera om tiltak i aktuelt område vil medföra at vassdraget får ei større samla belastning. Ang gjødsling vil ei überort sone langs vasskanten fange opp avrenning, og ein kan ein ikkje sjå at det vil vera samla ulemper av avgjeraende karakter.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.

Oppsummert er administrasjonen positiv til å kunne flytte/utvise ny støl (ca 57 daa) for S 655 til støslaget på Svenskin under dei føresetnader som er skissert i saka.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret er positiv til omsøkt flytting av støl S 655, og legg søknaden ut til offentleg ettersyn jfr seteforskrifta § 6.

Nytt Vedtak:

Fjellstyret er positiv til omsøkt flytting av støl S 655, med ny arrondering som gjer at det ikkje vert vist ut nærmare enn 10 meter frå vasskanten, men fjellstyret tilrår inngjerding ned til vatnet mot at stølsbruker etablerer og vedlikehalder klopp som muleggjer ferdsel langs vatnet.

Søknaden vert lagt ut til offentleg ettersyn jfr seteforskrifta § 6.

Vedtaket er samrøystes.

Utlegging til ettersyn av fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvalningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket om utleгging.

Dette følgjes opp med høyring.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
VSK
Stølsbrukar